



Vår dato: 13.03.2024  
Vår ref.: 2023/6229  
Sævarhagsvikjo og Hovaneset - kandidatområde - supplerande vern - Stord  
Til: Saksbehandlar, innvalstelefon  
Magnus Johan Steinsvåg, 5557 2325

Kopi til:

## Referat frå informasjonsmøte om supplerande vern av to område på Stord 5. mars 2024

Tid og Stad:

5. mars 2024, kl 18-20. Lokalet Samhald på Rommetveit.

Til stades:

Det var om lag 50 frammøtte. Stord kommune var representert ved rådgjevar for idrett- og friluftsliv Sylve Rusten, og gjennom Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor ved Aase Nøttveit, Marlene Sørli og Vebjørn Jørgensen frå Stord Fitjar Landbruks – og miljøkontor. Birdlife Sunnhordland (den lokale fugleforeininga ) var representert med fem personar. Vidare var lokale organisasjonar som Stord Bondelag, Bømlo og Stord bonde - og småbrukarlag, Stord sau og geit, Stord Sogelag, Stord-Fitjar turlag, Stordøy jeger - og fiskarlag invitert.

Frå Statsforvaltaren: Magnus Johan Steinsvåg og Solveig Kalvø Roald.

Invitasjonen vart sendt ut i samband med [oppstartsmeldinga for verneprosessen](#) og kunngjort i avis Sunnhordland både digitalt og i papiravisa. Møtet var også annonsert på nettstaden til Stord kommune og Statsforvaltaren i Vestland.

### Referat:

#### Orientering frå Statsforvaltaren

Statsforvaltaren ved Steinsvåg ynskte velkomen og orienterte om verneoppdraget. Statsforvaltaren har no meldt formelt start av vernearbeidet og vi håpar å få innspel. Fristen er 12. april 2024.

Bakgrunnen for dette arbeidet er situasjonen for naturmangfald globalt og lokalt i Vestland er dramatisk. FN sitt naturpanel (IPBES) av ekspertar skildrar ein situasjon der ein million av åtte millionar artar er i ferd med å bli trua, og mange av desse vil bli utrydda i løpet av dei nærmaste tiåra. Om lag 75 % av landarealet som leveområde for dyr og planter er sterkt endra av menneske og 85 % av alle våtmarkene er allereie tapt. I Norge er 2 752 artar klassifisert som trua, og 599 av desse har Vestland som levestad. Om lag 90 % av alle dei trua artar i Norge er trua av arealendringar, og det er særleg nedbygging av natur og opphør av tradisjonelle landbruksformer som er årsaka til dette.

Å vera natur etter naturmangfaldlova kap II er det viktigaste verkemiddelet til å ta vare på leveområda hjå oss. Men til no har ein mest verna isbrear, fjell og høgareliggende område i Norge.



Faglege evalueringar har vist at vernet til no ikkje er representativ. Det må vernast meir areal i låglandet og særleg langs kysten.

Derfor fekk Statsforvaltaren i oppdrag 30. oktober 2018 om å identifisera verneverdig natur som kunne egna seg for supplerande naturvern. Totalt 99 område vart spilt inn frå Vestland, og totalt 33 av desse var tilrådd for vidare arbeid frå Miljødirektoratet. To av desse områda er på Stord: Sævarhagsvikjo og Hovaneset ved Rommetveit (158 dekar), og Leiro på Huglo (125 dekar).

Hovudføremålet med vern av dei to områda vil vere å ta vare på eit [svært viktig kulturlandskap](#) på Hovaneset med naturbeitemark. Her er det eit stort mangfald av sjeldne og trua beitemarksoppar. Både Sævarhagsvikjo og Leiro er store langgrunne blautbotnområde som har viktig funksjon som rasteområde for trekkande fuglar. Her utgjer særleg livet i blautbotnareaala med børstemarkar ein stor biomasse og viktig matkjelde for fugl. I Leiro veks også det sjeldne og sterkt trua dvergålegraset med ein av dei viktigaste bestandane i Norge. Begge to områda er svært verneverdige, og det vil ikkje vere mogleg å gjennomføre inngrep som kan skada desse naturkvalitetane.

Vi ønskjer gjennom vernet å støtte opp om tradisjonell beiting og drift av Hovaneset då artsmangfaldet her er avhengig av dette. Økonomisk støtte kan også omfatte gjerdehald eller andre tema som i praksis er nødvendige for å skjøtta landskapet. Vernet vil også gjøre det lettare å forvalta og «drifta» turstiar i dialog med grunneigarane, kommunen og brukarane, på ein måte som ikkje går ut over vegetasjon og dyreliv.

Grunneigarar har ved eit vern rett på erstatning dersom pårekneleg bruk vert forbode etter naturmangfaldlova § 50. Dette vert handtert etter vernevettak i regi av Miljødirektoratet.

Vi ønskjer innspel på [denne starten av verneprosessen](#), og ein kan sende inn merknader digitalt eller i brevs form. Vi er også tilgjengeleg på telefon om det enkelttema ein ønskjer å drøfte.

Solveig Kalvø Roald frå Statsforvaltaren fortalte om korleis Statsforvaltaren arbeider for å ta vare på dei viktige naturbeitemarkene i fylket. Dei viktigaste verkemidla vi har i dag er å orientere grunneigarar om kva verdiar dei forvaltar, og utarbeide skjøtselsplanar slik at dei vet kva som skal til for å ta vare på desse verdiane. I tillegg har vi økonomiske støtteordningar som skal kompensere for dei ulempene rett skjøtsel gjev for bonden. Både landbruksmyndighetene (RMP og SMIL) og Miljømyndighetene har støtteordningar for dei som gjer gode til tak for å ta vare på naturbeitemarkene.

Ho fortalte også om den svært sjeldne planten dvergålegras, som veks på Huglo. Denne planten veks berre i nokre få område i Noreg; sør i Oslofjorden, nokre område i Rogaland, og i Sunnhordaland. I Vestland fylke er det no berre to stabile gode lokalitetar der vi finn dvergålegraset, og ein av desse er altså på Huglo. Tidlegare vaks det også dvergålegras i Sævarhagsvikjo, men denne førekomensten har vi ikkje sett sidan 2011.

#### Beitemarksoppane på Hovaneset

Per Fadnes (dosent emeritus) frå Høgskulen på Vestlandet var invitert av Statsforvaltaren til å halde eit innlegg om mangfaldet av beitemarksoppar på Hovaneset.

Areala her er registrert som naturtype seminaturleg eng, som er ein naturtype prega av



menneskeleg bruk over lang tid. Det er gravrøyser her fra bronsealderen, og det sannsynleg at området her også då vart beita med husdyr. Det store artsmangfaldet av beitemarksoppar i naturtypen seminaturleg eng har mest truleg «blitt til» ved at dette opphaveleg er artar som var vanleg i større slettelandskap i Europa for fleire tusen år sidan. Då prega store dyr som uroksar og andre store beitedyr områda og vi fekk eit beitetrykk som heldt skogen nede og som gav konkurransesfortrinn til beitemarksoppar. Når jordbruket tok til så var beiteområda som då vart etablert svært like dei opphavelege levestadane til beitemarksoppene, og dermed etablerte mykje av dette artsmangfaldet seg i kulturlandskapet. No finst ikkje desse opphavelege slettelandskapet lenger i Europa, og dei store beitedyra er for lengst utrydda. I nyare tid er også kulturlandskapa som utgjorde dei nye leveområda til beitemarksoppene sterkt endra. Der det vert brukt kunstgjødsel eller maskinelt drift, er også beitemarksoppene gått sterkt tilbake på grunn denne moderniseringa i jordbruket.

Dermed vert slike attverande areal som Hovaneset stadig viktigare å ta vare på. Fadnes har opp gjennom 20 år kartlagt artsmangfaldet på blant anna Hovaneset. Til no er det registrert om lag 120 ulike artar av sopp, og derav 93 beitemarksopp. Av desse igjen er heile 43 raudlisteartar. I tillegg er om lag 130 karplanter registrert. I 2010 vart det registrert to nye funn av soppartar for Norge med artane puslejordtunge og grynmusserong på Hovaneset. I tillegg er det funne ein heilt ny beitemarksopp for vitskapen på Hovaneset. Den heiter traktraudspore og er med andre ord berre funnen på Hovaneset i heile verden. Fadnes konkluderte med at Hovaneset er det klart viktigaste området for beitemarksopp i landet og truleg også Norden.

### Innspel, spørsmål og svar

*Innspel frå salen:* Det kom innspel på om ikkje det ville vere nødvendig med ferdsleforbod i Sævarhagsvikjo og Hovaneset, då det går mykje folk på stien lang stranda. Av og til er det også hundeeigarar med lause hundar som skremmer fuglelivet. Det vert også meldt om at folk som går inn på stien også trør ned graset på innmark som skal slåast.

*Svar frå Statsforvaltaren:* I utgangspunktet har vi ikkje sett for oss at det er nødvendig å regulera ferdsle i området. Så vidt vi veit vil ikkje det å gå på den stien som vert brukt i dag, få særlege følgjer for fuglelivet. Dette ønskjer vi uansett å undersøkja litt nærmare. Særleg lause hundar kan ha ein stor skremmeffekt på fugl. Det er også slik at ein ved utøving av friluftslivet ikkje skal gå på innmark i tidsrommet 30. april til 14. oktober jf friluftslova § 3. Såleis er dette også eit tema vi ønskjer å sjå nærmare på. Kanskje ei merking eller kanallisering av stien redusere dette problemet.

*Innspel frå salen:* Vernegrensa er trekt mellom stranda og dyrkamarka, men sjøen grep i strandsona slik at denne grensa må endrast i takt med dette. Elles må grensa trekkast lengre opp på land slik at dei faktiske verdiane vert ivaretake gjennom avgrensing av verneområdet. Det er jo ein del fugl som også brukar dyrkamarka.

*Svar frå Statsforvaltaren:* Det er eit godt og viktig innspel som vi må ta med oss vidare. Det er sjølv sagt slik at vi ønskjer at vernet skal gjelde for det arealet der naturverdiane er til ei kvar tid, og då må vi sørge for at vi avgrensar området som ivaretok dette.

*Innspel frå salen:* Ein lurte på om det kunne vere aktuelt for Statsforvaltaren å gjøre tiltak for å betra området som hekkeområde for fugl.

*Svar frå Statsforvaltaren:* Det kan vere aktuelt på sikt, når vi etter kvart får endå betre oversikt over detaljane i områdebruk for fuglane. Her ønskjer vi gjerne også innspel frå Birdlife Sunnhordland om dei har forslag og innspel til dette.



*Innspel frå salen:* Ein lurte på om det kunne vere mogleg at dvergålegraset forsvann som fylgje av etableringa av småbåthamna.

*Svar frå Statsforvaltaren:* Det er truleg fleire grunnar til at dvergålegraset forsvann, men etablering av småbåthamn kan vere ein av årsakane. Dette kan ha ført til endra straumtilhøve i området (ein av hypotesane som er stilt til no, og særleg grunna endringar i stranden) og elles auka båtbruk og bølgepåverknad i strandsona. Dvergålegraset har grunne røter og kan lett bli flytta på som fylgje av endra forhold med bølger. Også større skip som går ute i fjorden vil kunna gje meir bølgjepåslag. Det er likevel ikkje kjent kva som er årsaka til at bestanden forsvann frå Sævarhagsvikjo.

I løpet av informasjonskvelden og i etterkant er det fleire av grunneigarane som har gitt uttrykk for at ein gjerne skulle hatt ei lita synfaring saman med Statsforvaltaren slik at ein betre kunne drøfta ulike tema på staden. Vi ser at det hadde vore nytting både i Sævarhagsvikjo/Hovaneset og på Leiro, og vil prøva å finne eit eгna tidspunkt for dette.

Brevet av 28. februar 2024 der vi meldte oppstart om vernearbeid og inviterte dette møtet, vart sendt ut elektronisk til digipost til alle mottakarar. Vi har fått enkelte meldingar om at dette kom seint fram. Vi beklagar dette, og har sjekka det opp med arkivet som stadfestar at elektronisk utsending av brev tidvis har vore noko treng.

*Referent: Steinsvåg og Roald.*